



Skodje Venstre

For folk som

bryr seg

valprogram 2015-2019



Mennesket i sentrum

Venstre er eit sosialliberalt parti for folk som bryr seg:

- ✓ om kvarandre
- ✓ om miljøet
- ✓ om det levande lokaldemokrati
- ✓ om den levande bygda
- ✓ om den framtida vi sjølv har ansvar for å skape

Vi set alltid folk først:

- ✓ menneske før system
- ✓ borgarane sine rettar fram før byråkrati
- ✓ medarbeidarane sin motivasjon fram for einsidig effektivitet
- ✓ innbyggjarane sine behov fram for utbyggjarane sine interesser

Vi har tru på kvart einskild menneske. Vi vil at alle skal ha høve til å bruke sine evne til beste for seg sjølv og samfunnet. Ved sidan av fridom er rettferd vår styrestjerne. I Skodje går Venstre til val på eit framtidsretta program som handlar om både fornying og bevaring. Kommunen treng begge delar. Vi skal ta vare på og forvalte dei naturgitte gåvene, men og det som er skapt av menneske før oss, med tru på framtida. Å vise respekt for denne arven gjer vi best ved å ta i bruk dei moglegheitene som opnar seg i åra framover. Vi gjer dette i harmoni med det som

er skapt før oss og kallar det å ta vare på framtida. **Venstre vil mykle i Skodje, men ein ting er aller viktigast: At dei grunnleggjande tenestene fungerar; at skulen er god og eldreomsorga verdig, at vanskelegstilte og andre som treng det får hjelp, og at teknisk sektor leverer som den skal.** Dei siste åra måtte vi bruke mykje tid og pengar på å rydde opp i utfordringane med svak økonomi- styring og driftsnivå som oversteig kommunens inntekter. Det har blitt nødvendig med krevande omstilling. Dei ser ut til å gi resultat, og vi vil ikkje la kommunen kome ut av kontroll igjen. Det vil seie at vi ikkje kan bruke meir pengar enn kommunen til ei kvar tid har, og at det må vere sett av nok pengar til dei grunnleggjande tenestene før vi kan bruke pengar på nye tiltak.

Så snart økonomien tillet det vil Skodje Venstre prioritere slik:

Sette inn tidleg innsats for gode levekår for alle.

Vaksne som slit har ofte hatt det vanskeleg som barn. Venstre vil satse på eit godt barnevern og styrke samarbeidet mellom alle som jobbar med barn og unge. Fleire må våge å melde ifrå om bekymringar. Helsestørtenersta på skulane bør styrkast. Venstre støtter ein auka innsats



innan rus- og psykiatriarbeidet. Venstre vil særleg styrke innsatsen overfor unge med rus- og / eller psykiske problemer. Ungdata-rapporten syner at mange unge slit, difor er det viktig at vi set kreftene inn tidleg for å førebyggje skadar. Når det gjeld rehabilitering skal vi tilby eit verdig butilbod, med tilstrekkelig tilsyn.

Sikre at det er godt å bli gamal i Skodje.

Stadig fleire eldre er spreke og klarer seg svært lenge utan offentleg hjelp. For dei er den beste eldreomsorga det same som gir oss andre livsglede: Nokon å vere saman med, livlege møteplassar i nærleiken, eit rikt kulturtibilbod, opp-

muntring til aktivitet og i det heile teke ha eit levande bumiljø. For dei som treng meir hjelp vil Venstre utvikle ei verdig og fleksibel eldreomsorg, tilpassa ulike behov. Dei som vil bu heime så lenge som mogleg, skal få hjelp til det. Vårt høgste prioriterte tiltaker å utarbeide ein ny, heilskapleg omsorgsplan og styrke demensoms-sorga i Skodje. Vi ønskjer at kommunen både skal ha demensteam, og at vi kan tilby dagsenterter-ester. Kommunen skal ha gode om-sorgsbustader, både med og utan døgnbemanning. Framover må vi truleg også vurdere om fleire av omsorgsbustadane må forsterkast med personalbasar ettersom fleire eldre utviklar demens.

Ta vare på eldsjelene

Samhandlingsreforma krev at vi i Skodje har ein forsterka sjukeheim i kommunen. Behovet for rehabiliteringsplassar og palliativ omsorg må handterast av Omsorgssenteret. Dette fører til at tilbodet om korttids-/avslastningsplassar vert redusert. Venstre vil legge til rette for større frivillig innsats i eldremcosa. Mange gjer allereie mykje for dei eldre med aktivitetar, konsertar og turar. Vi ønskjer at koordinerande eining også kan bidra til å koordinere frivillig innsats. Men like viktig er det at dei offententlege institusjonane opnar seg opp og ønskjer familie, vener og kjende av bebuarane velkomne. Kanskje kan dei nye omsorgsbustadane som er under planlegging bli ein stad der vi satsar spesielt på å utvikle samspillet mellom offentleg ansvar og frivillig innsats for god omsorg.

Ta vare på eldsjelene

Alle som bidreg med dugnads-innsats i lag og foreiningar gjer ein fantastisk innsats og skaper eit herleg mangfald av aktivitetar. Dei bidreg til trivsel og identitet til innbyggjarane i Skodje og er ein viktig demokratiarena. Kommunen skal sørge for å ha eit godt service- og støtteapparat for frivillig arbeid. Venstre har støtta prinsippet om gratis bruk av Gomerhuset for lokale lag. Dette vil vi halde fast på.

Vi ser at mange lag har eigne hus og anlegg som innbyggjarane har stor glede av å nytte. Vi ønskjer at desse laga også skal få kommunal støtte til drift av lokala.

Satse på barn og unge

Innhaldet i skodjeskulen skal utviklast og kvar elev skal få god oppfølging. Samarbeidet mellom skule og heim skal styrkast. Det er sjølvsagt at skulen skal drivast i samsvar med Opplæringslova. For oss i Venstre er det like sjølv sagt at tilbodet i skulen skal gjevast av tilsette med god fagkompetanse på alle nivå. Omorganisering av skodjeskulen med eigen pedagogisk fagleiar, samt felles rektor for barneskulane er viktige grep for å sette meir av dei knappe ressursane inn i undervisning framfor byråkrati. Dette må til for å sette eleven først. Så langt økonomien tillet det, vil vi prioritere nye lærarstillingar.

Venstre ønskjer at det vert etablert samarbeid med vidaregåande skular og Høgskulen i Ålesund om tilpassa tilbod til dei fagleg sterke elevane. Like viktig er det å ha tidleg fokus og styrka innsats for dei elevane som treng ekstra starthjelp og/eller forsterka skule. Samarbeidet med PPT er viktig - men det må vere mogleg å bruke meir av desse ressursane direkte

inn i skulen. Vi bør etterspørre spesiialpedagogisk kompetanse ved utlysing av stillingar.

Kvalitet skal stå i fokus i barnehagane. Venstre støttar satsinga på å auke kompetansenivået gjennom tilbodet til eigne tilsette om å ta vidareutdanning innanfor fag som kommunen treng.

Aktiv fritid.

Det er mange tilbod i Skodje, men også mange foreldre som ikkje har råd til å la barna bruke dei. Venstre vil at desse barna skal ha rett til eit fritidstilbod betalt av kommunen. Kulturskulen gir tilbod om opplæring innan kultur. Venstre er uroa over at tilbodet har vorte redusert. Vi ønskjer ei satsing som gjer at fleire barn og unge kan få tilbod om opplæring, gjerne i samarbeid med grunnskulen.

Kulturskulen er viktig for elevane og folkehelsa, men den er også ein viktig rekrutteringsarena både for dei frivillige laga i kommunen og for det profesjonelle kulturlivet. Venstre ønskjer satsing på folkehelse gjennom bygging av trygge gang- og sykkelvegar og tilrette-lagde turstiar som gjev lettare tilgang til vatn, fjell og fjøre.

Skapande kulturliv

Venstre ser på kultur som ei kjerneneoppgåve for kommunen, og ikkje berre noko vi skal satse på når det er offentlege pengar til overs. Kunst, kultur og opplevingar er viktige føresetnader for at vi kan vekse og utvikle oss som mennesker, og slik sett er det ikkje mange kommunale oppgåver som er viktigare. Men kulturen har også ein funksjon i samfunnsbygginga:

Utan eit rikt kulturliv blir Skodje ein fattig og mindre attraktiv kommune å bu i eller flytte til. Venstre ser at lag og organisasjoner gjer ein stor og viktig innsats for lokalsamfunnet, som fortunar å bli framheva og støtta. Venstre vil gjeninnføre støtte til prosjekt for barn og unge. Venstre vil at Gomerhuset og dei andre scenene i kommunen skal vere arena for kreative uttrykk i mange kunstformer og spesielt utfordre unge til å prøve ut eigne skapande evner. Scenene og kulturlivet må satse på samspelet mellom profesjonelle og frivillige for å lage varierte og gode oppsettingar.

Venstre vil satse på reiseliv i Skodje og ønskjer eit forsterka samarbeid med private om marknadsføring av opplevingar i Skodje.

Utvikle biblioteket

Biblioteket fekk eit løft gjennom å flytte til Gomerhuset i 2010. Skodje er ein kommune i vekst som treng eit levedyktig og ekspansivt bibliotek til innbyggjarane som stadig blir fleire. Mykje godt arbeid har vore gjort og vi ser at biblioteket vert nytta av alle grupper og til ulike arrangement. Venstre er opptekne av å styrke og utvikle biblioteket som formidlingsarena, uavhengig debattarena og som integreringsarena. Biblioteket som læringsarena er viktig og samarbeidet med skulen for å skape leselyst blant barn og unge er ei viktig oppgåve.

Vakker landbruksbygd med urbane kvalitetar

Ta vare på identiteten

Bevare Skodje sin identitet som ven landbruksbygd med friluftsliv frå fjord til fjell, samtidig som vi utviklar moderne og attraktive bumiljø med urbane kvalitetar. Stadanalysen for Skodje må sjåast på og eventuelt justerast, slik at den kan utgjere ein estetisk vegleiar. Saman med kommuneplanen må den leggast til grunn for alle byggeprosjekt. Berre kommunestyret sjølv skal kunne gi dispensasjon frå desse planane og andre reguleringsplanar i sentrum. I alle andre saker som handsamar, skal det stillast krav om 2/3 fleirtal for at det skal kunne givast dispensasjon frå vedtekne planar (5 av 7 må stemme for). Heilskaplege og gode planar for Skodje får slik meir styrke og vert meir føreseielege. Slik unngår vi at grundige planar betyr lite, fordi dispensasjonar vert gitt med knapt fleirtal.

På Korsvegen, ned Sjøvegen til dampskipskaia og opp Klungrekken skal hovudvekta ligge på å bevare dei heilskaplege kvalitetane. Langs miljøgata frå Korsvegen til Jentekolonien treng vi meir aktivitet og uformelle møteplassar. Venstre ønsker difor at fortetting skal skje med boligbygging med nye forretningareal på gatenivå (mot

vegen) og nye/samanbygging av forretningsgardar i dette området. Bygga skal utformast og dimensjonerast slik at det framleis skal vere mogelge å skimte det grøne beltet frå sjø til kyrkje. Skodje har store grøntområde nær inn mot sentrum. Enno utgjer dyrka mark ein stor del av arealet i tettstaden, og mange gardstun ligg med sin opprinnelige situasjon intakt. Elvane, som ligg i grøne band av tre og kratt gjennom dei oppdyrka flatene, er karakteristiske landskapstrekk som utgjer bygdas uttrykk og identitet, og difor bør takast vare på. Det skal leggast spesiell vekt på samspelet mellom gammalt og nytt. Ved utbygging bør ein ta vare på vegetasjonsstrukturen som har vokse fram i elveleia, langs eigedomsgrenser og liknande.

La innbyggjarane utvikle Skodje vidare.

Venstre vil at alle skal finne sin plass i Skodje og at vi kan bygge vidare på dei gode kvalitetane i alle bygdelaga. Venstre vil vere pådrivar for at kommunen skal legge til rette for både fortetta og frittliggende bustadbygging i heile kommunen. Venstre vil utvikle modellen vi nyttar for utarbeidning av kommuneplanen til ein god framgangsmåte for heilskapleg



samfunnsplanlegging. Venstre vil bruke denne metoden i bygde-laga i kommunen, men forsterke den folkelege medvirkninga gjennom såkalla plansmier eller nærdemokratiutval. Det vil seie at alle som er engasjert i nærmiljøet sitt får delta i heile prosessen, ikkje berre på eit «folkemøte». Slik meiner vi i Venstre at folk sjølv best kan skape framtida for sitt lokalsamfunn – og sikre at innbyggjarane sine behov tel mest. Dette vil ligge i botnen for Venstre sitt engasjement i arbeidet med kommunereforma. Om Skodje skal bli ein del av ei ny kommune, er vi opptekne av at dei grunnleggjande tenestene skal ytast der folk bur. Uansett om kommunen blir stor eller middels stor vil dette prinsippet ligge i botnen og vi er overtydd om at tenstene skal bli minst like

gode som no. Vi er opptekne av at innbyggjarane våre skal ha medverknad på dei politiske avgjerdene som vil gjelde dei i deira kvar dag. Difor vil samfunnsutvikling og styrka demokrati vere dei viktigaste elementa i dei vurderingane som skal skje framover.

Aktiv medspelar i eit sterke Sunnmøre

Samspelet med kommunen som aktiv samfunnsutviklar.

Skodje må styrke samspelet mellom det offentlege og private. På den måten får vi gjort mykje meir enn om kommunen eller staten skulle gjere alt åleine. Næringsområdet på Digernesskiftet, Hoppid-samarbeidet med Ålesund Kunnskapspark og restaureringa av Gamle Vågsbrua er gode eksempel på det. Venstre vil at Skodje kommune skal ta sterkere styring og vere meir aktiv i utvikling av nye bustadområder. Samtidig må vi utvikle fleire partnerskap og vere ein god lagspelar med entreprenørar og bedrifter, lag og foreiningar, fylkeskommune og stat. Kommunen er likevel alltid ansvarleg for det som er kommunalt ansvar, sjølv om løysingane vert laga saman med private. Det er også kommunen sitt ansvar at prosessane er opne, transparente og følger regelverket.

Kommunen skal ha kapasitet og kompetanse til å handsame alle byggesaker og reguleringsplaner med god kvalitet innan frister i lova og samtidig kunne gi god vegleiring til den som søker. Sjølv om det meste av bustadbygginga i Skodje blir utført av private, meiner Ven-

stre at det er viktig at også kommunen sørger for at det blir bygd bustader som er tilpassa unge og menneske med spesielle behov. Behovet for båtplassar må løysast i samspel med private aktørar. Kommunen bør vurdere om det er behov for utbygging av fleire småbåthamner i Skodje. Skodje kommune skal vere ein aktiv medspelar i utviklinga av eit sterke Sunnmøre. Vi skal vere med å sikre at dei viktigaste avgjerdene som gjeld regionen vert tekne i opne prosessar og utfrå eit heilskapleg perspektiv. Vekst og utvikling i Skodje vil delvis vere eit resultat av eigne avgjerder, men også av den utvikling vi i fellesskap kan få til for Sunnmøre.

Satse på gode transportløysingar i ein grøn kommune.

Venstre vil ha tilgang til gode og moderne transportløysingar for innbyggjarane og næringslivet i kommunen. Internt i kommunen vil vi prioritere trafikken slik: Gåande og syklande først, deretter kollektivtransport og så bilen. Satsing på sykkel er viktig. Vi må ha fokus på å bygge ut sykkelvegar for å få fleire til å sykle. Gang- og sykkelvegar må prioriterast først der det gir trygg

skuleveg.

Med stor grad av pendling mellom Skodje og Ålesund, samt etablering av stadig fleire arbeidsplassar på Digernes Næringsområde, må fullføring av gang- og sykkelveg mellom Grindvika og næringsområdet, strekninga Håhjem – Skodjevågen og Digernes- Brusdal prioriterast. Med utbygging av td soningssenter er det naturleg å tilrettelegge for bustadutvikling både i Brusdal og Utvikbygda.

Forbetring av busstilbodet i Skodje må halde fram. Etablering av ei ringbussrute tek tid. Terskelen for å gå over til buss vil avhenge av regularitet, frekvens og talet på omstigningar. Tilgongen på Time-ekspresseen på Dignerneskrysset er betra, vi må også få etablert ekspressbuss til Ålesund sentrum. Busstilbodet kan bli betre, særleg i helgane og på kveldstid.

Storfjordsambandet- med veg/tunnel mellom Digernesskiftet og Glomset vil tene innbyggjarane i regionen. Først og fremst avlastning for FV 656 gjennom Valle og Glomset. Men også belastniga for innbyggjarane i Brusdalen. For Ålesund og Sula vil det redusere risikoen for drikkevasskjelda i Brusdalsvatnet og lette trafikkavviklinga over Moa-Blindheim.

Lyntog er ein reiskap for å innfri krava til moderne mobilitet på ein effektiv og berekraftig måte. Lyntog reduserer både klimagasutslepp og avstandsulemper. Dei knyter marknader og arbeidsplassar saman og styrker næringlivets konkurranseevne. Ei lyntogrute frå Ålesund-Oslo vil ta 2,5 time med 7-8 stopp undervegs.

Frå knutepunktet Dombås følgjer stasjonane Bjorli, Valldal, Vestnes, Skodje, Moa og Ålesund.

Venstre vil arbeide for realisering av lyntog i fleirbrukskonsept til Møre og Romsdal. I både kort og langsigktig perspektiv vil det vere viktig å sikre areal til stasjon og trase gjennom Skodje.

Skape eit klimavenleg samfunn som det er betre å leve i.

Klimaendringar er den aller største utfordringa verda står overfor. Dette krev lokal handling, og det må vere ei sjølvfølge at Skodje som kommune tek dette alvorleg. Ingen kan gjere alt, men alle kan gjere noko. Venstre meinar dette må vere eit positivt høve til å skape eit Skodje som er betre for alle å leve i:

Satsing på sykkel og folkehelse i Skodje, med utbygging av gang- og sykkelvegar og turstiar vil bidra til at betre helse og at fleire føler dei får overskot i kvardagen.

Utvikling av handel i Skodje vil skape eit levande sentrum og på Digernes Næringsmråde vil eit kompletterande handelstilbod vere med å spare mange bilturar til Moa. Investering i energisparing vil frigjere pengar til betre kommunale tenester. At kommunen stiller krav til miljøvenlege og berekraftige løysingar i offentlege innkjøp og miljøvenleg oppvarming når nye byggeområde vert regulert, bidreg til ei grøn og lønsam omstilling i næringslivet.

Fokus på økologisk og kortreist mat skaper moglegheiter for lokale produsentar.

Slik vil Venstre arbeide for Skodje

I politikk er arbeidsform like viktig som standpunkt i enkeltsaker.

Dette er det vi fortsatt vil skal kenneteikne Venstre sitt arbeid i Skodje:

- ✓ Vi er uavhengig av særinteresser – og vi prøver å legge innbyggjarane sitt beste til grunn. Vi går ofte inn for opne konkurransar for å få ein rettferdig kamp om å levere dei beste løysingane til kommunen – det er det som tener fellesskapet best.
- ✓ Vi står for openheit – alle skal ha tilgang til informasjon som ligg til grunn for avgjelder, avgjerdene skal ikkje fattast i lukka rom og kommunen skal drive eit aktivt og serviceprega informasjonsarbeid.
- ✓ Vi trur på brei deltaking – alle har noko å bidra med! Dei beste avgjerdene vert til når vi har høyrt alle argument for og mot – og lært av kvarandre. Kommunalt tilsette skal ha ytstringsfridom til å fortelje om korleis dei opplever sin arbeidssituasjon.
- ✓ Vi tar ansvar – og legg ikkje skulda på andre når det er dei folkevalde som sit med det øvst ansvaret i kommunen. Dette ansvaret inneber også at det er kommunestyret som

skal ha det siste ordet når det gjeld verdiar og arbeidsform i kommunen. Vi har handlekraft og gjennomfører det som er demokratisk vedteke.

- ✓ Vi vil investere i framtida. Skodje sin økonomi er på veg til kome under kontroll igjen, men det er mange uløyste oppgåver og veksande behov i kommunen. Skodje har høgare gjeld enn andre kommuner i fylket og samanliknbare kommuner i landet. Folkeveksten har gjort det naudsynt for oss å ta nokre større investeringar for å tilpasse infrastrukturen. Å få kontroll på økonomien no er difor viktig for å kunne gjere rom for nye, store og viktige investeringar.
- ✓ Venstre vil alltid ha eit kritisk blikk på kommunedrifta og vurdere om vi kan drifta betre og billegare, og om tiltaka er dei rette. Med fokus på omstilling og innsparing, er det ikkje sannsynleg at det er mykje meir å spare no. Difor meiner Venstre det er naudsynt å skape ein innovasjonskultur for å finne nye og smartare måtar å drifte kommunen på. Venstre meinar at vi må bruke eigedomsskatten aktivt i dei neste åra, til investeringar og strukturtiltak, slik at vi er rigga for framtida. Først då kan eigedomsskatten reduserast.



Stem Venstre

Skodje Venstre ønskjer å ta vare på framtida ved å vise ansvar og handlekraft.

Venstre vil:

- ✓ Sette inn tidleg innsats for gode levekår for alle
- ✓ Sikre at det er godt å bli gammal i Skodje
- ✓ Satse på barn og unge
- ✓ Ta vare på eldsjelene
- ✓ Aktiv fritid
- ✓ Skapande kulturliv
- ✓ Utvikle biblioteket
- ✓ Ta vare på identiteten som lanbruksbygd med urbane kvalitetar
- ✓ La innbyggjarane utvikle Skodje vidare
- ✓ Kommunen skal vere ein aktiv samfunnsutviklar
- ✓ Medspelar for eit sterkare Sunnmøre
- ✓ Grøn kommune med gode transportløysingar
- ✓ Skape eit klimavenleg samfunn som det er godt å leve i

Venstre sine kandidatar i Skodje



**1. Kari
Grindvik
(f.1961)**

Ordførarkandidat

- 5. Anders Stefan Grindvik
(f. 1963)**
- 6. Siv Elin Kvalsvik
(f. 1974)**
- 7. Øystein Molvær
(f. 1950)**
- 8. Arnstein Sæthre
(f. 1961)**



**2. Rolf Steinar
Stavset
(f. 1953)**



**3. Elise Marie
Backlund Stavset
(f. 1994)**



**4. Ole Leidulf
Stokke
(f. 1948)**

Les meir om politikken og kandidatane på

venstre.no/skodje



VENSTRE